

**Utval:** **Fylkesutvalet**  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3.etg., fylkeshuset, Bergen  
**Dato:** 21.06.2018  
**Tidspunkt:** 11:00-15:05

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Synnøve Solbakken	Helge Nævdal	A
Kjell Gitton Håland	Mari Klokkerstuen Kjellesvik	A

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærstad	Eigedomsdirektør
Målfrid Vik Sørstabø	Kst. direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 172/18	Godkjenning møteinkalling og sakliste		
PS 173/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 174/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 84/18	Notat vedk. St. Paul	2018/9742	
RS 85/18	NDLA - nytt styre	2017/3492	
RS 86/18	Oppfølging av budsjettvedtak 2018	2018/11843	
RS 87/18	Oppfølging av budsjettvedtak om seriøsits- og lærlingkrav	2017/4411	
RS 88/18	Mal for handelsanalyse i Hordaland	2017/16956	
RS 89/18	Hardangerbrua AS - Årsmøteprotokoll 09.05.2018	2014/16224	
RS 90/18	Møteprotokoll generalforsamling i Jondalstunnelen AS.	2014/17319	
RS 91/18	Protokoll fra generalforsamling i Ferde AS 29.05.2018	2016/34293	
RS 92/18	Rapportering Vestnorsk filmsenter 2017	2014/16033	
RS 93/18	Signert protokoll generalforsamling 2017 Gulen og Masfjorden Utvikling AS	2014/16922	
RS 94/18	Børnlo vegselskap AS -protokoll fra generalforsamlingen 24.05.2018	2018/271	
RS 95/18	Protokoll frå generalforsamling 25 april 2018 Moster Amfi	2014/15275	
RS 96/18	Festspillene i Bergen og Festspillene i Nord-Norge - Brev om festivalstøtteordningen	2014/14136	
RS 97/18	Oppsummering etter møte mellom Kystverket og Sogn og Fjordane og Hordland fylkeskommunar - Overføring av dei statlege fiskerihamnene til fylkeskommunane.	2018/11085	
RS 98/18	Nye kontraktar Bergen sør og vest - økonomisk verknad	2017/16473	X
RS 99/18	Status for innføring av ny takstsonestruktur i Hordaland	2015/7302	
RS 100/18	Veglause grender - båtrute blir langt ned ???	2018/11364	
RS 101/18	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2018	2015/10845	
RS 102/18	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. 21. juni 2018	2015/10348	
PS 175/18	Ymse		
PS 176/18	Delegerte saker		
DS 5/18	Refinansiering av sertifikatlån 335 mill. kr	2018/301	
PS 177/18	Årsbudsjett 2019 / Økonomiplan 2019 - 2022. Føresetnader og rammer	2018/11459	
PS 178/18	Opo flaumtunnel og kraftverk - fylkeskommunal forkjøpsrett	2017/465	
PS 179/18	Fråsegn til reguleringsplan for Smålonane og søknad om samtykke til etablering av handelsareal - Fjell kommune	2017/13734	
PS 180/18	Høyring - regionreforma - ny forskrift om mynde mv etter kulturminnelova og overføring av andre oppgåver	2018/9686	
PS 181/18	Handlingsprogram jernbanesektoren 2018-29 - Høyringsfråsegn	2018/10239	
PS 182/18	Ny tannklinikk i Arna - leigeavtale	2018/10528	
PS 183/18	Butilbod for høyselshemma elevar - leigeavtale	2014/11854	

PS 184/18	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2018	2016/4130
PS 185/18	Om søknad om nytt utdanningstilbod og lærefag - Knarvik vgs	2018/11116
PS 186/18	Pilotprosjekt Bømlo - styrka samarbeid skule og næringsliv	2016/4130
PS 187/18	Anmodning om uttale St. Paul vgs nytt tilbod innan idrettsfag og påbygg	2018/9742
PS 188/18	Gjennomgang av arbeidet med kartlegging av minoritetsspråklege	2017/16713
PS 189/18	Evaluering selskapsvognløyver	2018/143
PS 190/18	Byvekstavtale - mandat for forhandlingar	2014/54
PS 191/18	Opningstider på venterommet ved Åsane terminal	2018/11701
PS 192/18	Styrking av rutetilbodet Nordhordland	2014/278
PS 193/18	Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog	2017/15772
PS 194/18	Utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften	2016/149
PS 195/18	Midlar til prosjektleiing Travel like the locals	2017/2433
PS 196/18	Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland	2018/11262
PS 197/18	Søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Bergen-Haukeli-Oslo	2017/14828
PS 198/18	Frå sams og samling - Om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane - Høyringsfråsegn	2018/11164
PS 199/18	Møteplan for Hordaland fylkeskommune 2019	2015/5700

## **PS 172/18 Godkjenning møteinkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Vedtak**

Møteinkallinga og saklista vart godkjent.

## **PS 173/18 Godkjenning møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Vedtak**

Møteboka frå møtet 31. mai og 12. juni vart godkjent.

## **PS 174/18 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

RS 84-102/18 vart referert.

## **PS 175/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

#### **INNSENDE SPØRSMÅL**

**Tom Sverre Tomren, MDG**, har sett fram slikt spørsmål:

«Spørsmålet gjelder den gamle Kunsthøyskolen i Strømgaten. 3.års-studentene fra den nå nye skolebygningen i Møllendalsveien har fått bruke den til utstillingslokale denne uken, og jeg har vært der flere ganger.

Jeg har fått vite at Fylkesstyret/ tinget har gjort vedtak om at den blir bygget om til barnehage. Ut fra bygget's historie og byggestil, mener jeg det bør fortsatt bør brukes til kultuformål. Stemmer dette? Er det HFK som eiger dette bygget? Når er det eventuelt gjort et slik vedtak?»

Fylkesordførar svarte slik:

«Det er Bergen kommune som er eigar av den gamle Kunsthøgskolen. Dei overtok eigedomen frå Entra i november 2017. Eigedomsavdelinga har undersøkt historisk heimel, og finn ikkje at Hordaland fylkeskommune har eigm den gamle Kunsthøgskolen tidlegare.

Når fylkeskommunen ikkje er eigar, er det ikkje tenkjeleg at fylkestinget har gjort vedtak om å gjere bygget om til barnehage.»

**Pål Kårbø, KrF**, sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, MDG, V, Frp og H slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet bed om at rådmannen snarast legg fram ei sak, herunder økonomi, som syner korleis takstane for båtruta Bergen/Nordhordland og båtrutene i Sunnhordlandsbassenget vert i samband med den nye takstsonestrukturen, og korleis desse evt. kan harmoniserast.

Partia ønskjer også at saka omtalar personatakstar på ferger.»

#### **Røysting**

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

## **PS 176/18 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

DS 5/18 vart referert.

## **PS 177/18 Årsbudsjett 2019 / Økonomiplan 2019 - 2022. Føresetnader og rammer**

#### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2019–2022 slik dei er skisserte i saka. Rammene vert å justere i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Fylkesutvalet viser vidare til at kostnadsauken i perioden overgår inntektsveksten ein kan rekne med. I det vidare budsjettarbeidet må det difor arbeidast med tiltak i alle sektorar som gjev varig reduserte kostnadars.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2019–2022 slik dei er skisserte i saka. Rammene vert å justere i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Fylkesutvalet viser vidare til at kostnadsauken i perioden overgår inntektsveksten ein kan rekne med. I det vidare budsjettarbeidet må det difor arbeidast med tiltak i alle sektorar som gjev varig reduserte kostnadar.

## **PS 178/18 Opo flaumtunnel og kraftverk - fylkeskommunal forkjøpsrett**

### **Forslag til vedtak**

Hordaland fylkeskommune nyttar ikkje forkjøpsretten til Opo flaumtunnel og kraftverk i Odda kommune.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

Benthe Bondhus, Sp, og Sigbjørn Framnes, Frp, stilte spørsmål om dei var inhabile. Bondhus og Framnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Sigbjørn Framnes ikkje var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Benthe Bondhus var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Sigbjørn Framnes tiltredde saksbehandlinga.

Benthe Bondhus gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Tom Sverre Tomren, MDG**, sette fram slik protokollmerknad på vegne av MDG:

«MDG er imot utbygging av OPO og velger å markere dette med å stemme mot frafall av forskjøpsrett da denne kan brukes til å avstå fra utbygging.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (MDG).

### **Vedtak**

Hordaland fylkeskommune nyttar ikkje forkjøpsretten til Opo flaumtunnel og kraftverk i Odda kommune.

### **Protokollmerknad frå MDG**

MDG er imot utbygging av OPO og velger å markere dette med å stemme mot frafall av forskjøpsrett da denne kan brukes til å avstå fra utbygging.

## **PS 179/18 Fråsegn til reguleringsplan for Smålonane og søknad om samtykke til etablering av handelsareal - Fjell kommune**

### **Forslag til innstilling/vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer å stø opp om utvikling av Straume til eit attraktivt regionsenter, og er positiv til kommunens oppstart av rullering av kommunedelplanen.  
Reguleringsplan for Smålonane er lokalisert tett opp mot sentrum av regionsenteret og må sjåast i samanheng med regionsentersatsinga.
2. Planforslaget legg til rette for 19 000 m<sup>2</sup> med bilbasert handelstilbod. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planen vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport, i strid med regionale føringar og nullvekstmålet.
3. Føresegne i reguleringsplanen opnar for møbelsenter, teppesenter og utsal av kvite- og brunevarer med meir, dette er i strid med regional føresegns. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til dette punktet. Motsegn kan trekkjast dersom føresegne vert endra til å opne for handel som er i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.
4. Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gir Fylkesutvalet ikkje samtykke til forretningsområde på Smålonane slik det er søkt om. Å opne for eit breitt handelstilbod på Smålonane vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport.. Det vert gitt samtykke dersom føresegne i reguleringsplanen vert endra i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.

## **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.06.2018**

**Christer Lilleskare Olsen (H)** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt. 2

Fylkesutvalet samtykker til forretningsområdet på Smålonane slik det er søkt om. Pkt. 2 til 4 strykes.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.2 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf og Sp) mot Olsen sitt forslag som fekk 6 røyster (H, Frp og V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3 og 4 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf og Sp).

## Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer å stø opp om utvikling av Straume til eit attraktivt regionsenter, og er positiv til kommunens oppstart av rullering av kommunedelplanen.  
Reguleringsplan for Smålonane er lokalisert tett opp mot sentrum av regionsenteret og må sjåast i samanheng med regionsentersatsinga.
2. Planforslaget legg til rette for 19 000 m<sup>2</sup> med bilbasert handelstilbod. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planen vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport, i strid med regionale føringer og nullvekstmålet.
3. Føresegne i reguleringsplanen opnar for møbelsenter, teppesenter og utsal av kvite- og brunevarer med meir, dette er i strid med regional føresegns. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til dette punktet. Motsegn kan trekke dersom føresegne vert endra til å opne for handel som er i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.

## Innstilling til fylkesutvalet

4. Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gir Fylkesutvalet ikkje samtykke til forretningsområde på Smålonane slik det er søkt om. Å opne for eit breitt handelstilbod på Smålonane vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport.. Det vert gitt samtykke dersom føresegne i reguleringsplanen vert endra i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

**Roald Stenseide, Frp**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet tar utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt vedtak til orientering.»

## Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG) og vart vedteken.

## Vedtak

4. Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gir Fylkesutvalet ikkje samtykke til forretningsområde på Smålonane slik det er søkt om. Å opne for eit breitt handelstilbod på Smålonane vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport. Det vert gitt samtykke dersom føresegne i reguleringsplanen vert endra i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.

## PS 180/18 Høyring - regionreforma - ny forskrift om mynde mv etter kulturminnelova og overføring av andre oppgåver

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansemiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåveplassering ikkje er konsekvent følgd opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppera kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høyingsforslaget, datert 6.6.2018.
4. Hordaland fylkeskommune føreset at:
  - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar

b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompenserast i kommuneopposisjonen for 2019.

### **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.06.2018**

Eit samla utval sette fram slikt forslag til nytt pkt. 3 og at fylkesrådmannen sitt pkt.3 og 4 vart pkt.4 og 5:

«3. Om kategorien «særleg nasjonal verdi» mot formoding oppretthaldast, må t.d. bygningane til Den Nasjonale Scene (Jugendbygg frå 1909), Naturhistorisk museum (Bergen museum frå 1865) - Universitetet i Bergen inkluderast i denne kategorien.»

#### **Røysting**

Nytt pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmanne sitt forslag vart elles vedteke slik det låg føre.

#### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansemiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåvepassering ikkje er konsekvent følgd opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppa kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Om kategorien «særleg nasjonal verdi» mot formoding oppretthaldast, må t.d. bygningane til Den Nasjonale Scene (Jugendbygg frå 1909), Naturhistorisk museum (Bergen museum frå 1865) - Universitetet i Bergen inkluderast i denne kategorien
4. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høyringsforslaget, datert 6.6.2018.
5. Hordaland fylkeskommune føreset at:
  - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarende overføring av økonomiske ressursar
  - b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompenserast i kommuneopposisjonen for 2020.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

**Kjell Haaland, A**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansemiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåvepassering ikkje er konsekvent følgd opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppa kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høyringsforslaget, datert 6.6.2018.
4. Hordaland fylkeskommune føreset at:
  - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarende overføring av økonomiske ressursar

- b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompenserast i kommuneproposisjonen for 2019.»

## Røysting

Innstillinga fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.  
Haaland sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, SV) og vart vedteke.

## Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansemiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåveplassering ikkje er konsekvent følgd opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppera kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høyringsforslaget, datert 6.6.2018.
4. Hordaland fylkeskommune føreset at:
  - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarende overføring av økonomiske ressursar
  - b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompenserast i kommuneproposisjonen for 2019.

## PS 181/18 Handlingsprogram jernbanesektoren 2018-29 - Høyringsfråsegn

### Forslag til innstilling

1. Innkorting av reisetida på Bergensbanen er viktig i forhold til å auka person- og godstrafikk på bane, for å reduser transportulukker og for å redusere klimagassutslepp. Med ein reisetid på Bergensbanen til 4 timer vil banen kunne vere konkurransedyktig i forhold til flytrafikk på strekninga.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det vert sett i verk tilbodsforbetringar i NTP-perioden 2018-29 på strekninga Bergen-Voss, og at det vert lagt opp til ferdigstilling av strekninga Arna-Bergen og terminal på Nygårdstangen.
3. Fylkesutvalet er uroa over at det er føreslått ei utsetjing av oppstart på Ringeriksbanen til 2022, og ber at om at det vert løyvd midlar slik at oppstart kan skje i 2021.
4. Fylkesutvalet vil framheve kor viktig det er med ei snarleg og heilskapleg gjennomføring av strekningen Arna- Voss, og vil understreke betydninga av framdrift i planlegginga. Deldelstrekninga Arna- Stanghelle vil kunne bli ferdig prosjektert i handlingsplanperioden, og utbygginga må starte opp når planlegginga er gjennomført.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Einar Horvei (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Regjeringa si jernbanereform er konkurranseutsetting og privatisering av persontransport med tog i Noreg. Fylkesutvalet meiner dette vil legge press på dei tilsette sine løns-, arbeids- og pensjonsvilkår, og føre til ein auke i byråkrati. Å samle ansvar for drift, vedlikehald og styring i same organisasjon er ei betre løysing enn jernbanereforma si oppdeling i mange mindre selskap.»

**Torstein Gunnarson (V)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022.Det må løvvast til oppstart i 2021.»

## Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Gunnarson sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Horvei sitt forslag punkt 5 fekk 7 røyster (SV, A, Sp) og vart med møteleiaren si røyst vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Innkorting av reisetida på Bergensbanen er viktig i forhold til å auka person- og godstrafikk på bane, for å reduser transportulukker og for å redusere klimagassutslepp. Med ein reisetid på Bergensbanen til 4 timer vil banen kunne vere konkurransedyktig i forhold til flytrafikk på strekninga.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det vert sett i verk tilbodsforbetringar i NTP-perioden 2018-29 på strekninga Bergen-Voss, og at det vert lagt opp til ferdigstilling av strekninga Arna-Bergen og terminal på Nygårdstangen.
3. Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022.Det må løvvast til oppstart i 2021.
4. Fylkesutvalet vil framheve kor viktig det er med ei snarleg og heilskapleg gjennomføring av strekningen Arna- Voss, og vil understreke betydinga av framdrift i planlegginga. Deldelstrekninga Arna-Stanghelle vil kunne bli ferdig prosjektert i handlingsplanperioden, og utbygginga må starte opp når planlegginga er gjennomført.
5. Regjeringa si jernbanereform er konkurranseutsetting og privatisering av persontransport med tog i Noreg. Fylkesutvalet meiner dette vil legge press på dei tilsette sine løns,- arbeids- og pensjonsvilkår, og føre til ein auke i byråkrati. Å samle ansvar for drift, vedlikehald og styring i same organisasjon er ei betre løysing enn jernbanereforma si oppdeling i mange mindre selskap.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

**Pål Kårbø, KrF**, sette fram slik protokollmerknad på vegner av KrF:

«KrF stemmer i denne saka imot innstillinga sitt punkt 5 av di vi meiner at innhaldet i punkt 5 ikkje høyrer heime i denne saka.»

## Røysting

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 5 fekk 7 røyster (SV, Sp, A) mot 8 røyster (KrF, MDG, V, FrP, H) og fall.

## Vedtak

1. Innkorting av reisetida på Bergensbanen er viktig i forhold til å auka person- og godstrafikk på bane, for å reduser transportulukker og for å redusere klimagassutslepp. Med ein reisetid på Bergensbanen til 4 timer vil banen kunne vere konkurransedyktig i forhold til flytrafikk på strekninga.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det vert sett i verk tilbodsforbetringar i NTP-perioden 2018-29 på strekninga Bergen-Voss, og at det vert lagt opp til ferdigstilling av strekninga Arna-Bergen og terminal på Nygårdstangen.
3. Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022.Det må løvvast til oppstart i 2021.

4. Fylkesutvalet vil framheve kor viktig det er med ei snarleg og heilskapleg gjennomføring av strekningen Arna- Voss, og vil understreke betydninga av framdrift i planlegginga. Deldelstrekninga Arna-Stanghelle vil kunne bli ferdig prosjektert i handlingsplanperioden, og utbygginga må starte opp når planlegginga er gjennomført.

#### **Protokollmerknad frå KrF**

KrF stemmer i denne saka imot innstillinga sitt punkt 5 av di vi meiner at innhaldet i punkt 5 ikkje hører heime i denne saka.

### **PS 182/18 Ny tannklinikk i Arna - leigeavtale**

#### **Forslag til vedtak**

Leigeavtale mellom Øyrane Torg AS og Hordaland fylkeskommune vert godkjent.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Leigeavtale mellom Øyrane Torg AS og Hordaland fylkeskommune vert godkjent.

### **PS 183/18 Butilbod for hørselshemma elevar - leigeavtale**

#### **Forslag til vedtak**

Leigeavtale mellom Nordre Oterveg AS og Hordaland fylkeskommune vert godkjent.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Leigeavtale mellom Nordre Oterveg AS og Hordaland fylkeskommune vert godkjent.

### **PS 184/18 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2018**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

#### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.06.2018**

**Jeanette Syversen (R)** sette på vegner av R, A, SP, KrF, MDG, V, H og FrP fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Utval for opplæring og helse ber om at administrasjonen kommer med et notat om den tekniske tilstand av Fyllingsdalen vgs. Fyllingsdalen vgs er nå den eneste skolen i området som ikke er eller skal oppgraderes, og hvordan den ellers konkurrerer om elevene i området må sees i sammenheng med at skolen trenger et løft.»

## **Røysting**

Syversen sitt forslag vart samråystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

## **Røysting**

Innstillinga vart samråystes vedteken.

## **Vedtak**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

## **PS 185/18 Om søknad om nytt utdanningstilbod og lærefag - Knarvik vgs**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til at Knarvik vgs arbeider vidare med søknad om forsøk med nytt utdanningstilbod og lærefag innan Havbruksteknologi med oppstart hausten 2019.

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.06.2018**

**Espen Foseid Aakre (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han arbeider som lærar ved Knarvik vgs. Foseid Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samråystes at Foseid Aakre var habil, Jfr. forvaltningslova § 6 2. ledd.

Foseid Aakre tiltredde behandlinga av saka.

## **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg til at Knarvik vgs arbeider vidare med søknad om forsøk med nytt utdanningstilbod og lærefag innan Havbruksteknologi med oppstart hausten 2019.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

## **Røysting**

Innstillinga vart samråystes vedteken.

## **Vedtak**

Fylkesutvalet sluttar seg til at Knarvik vgs arbeider vidare med søknad om forsøk med nytt utdanningstilbod og lærefag innan Havbruksteknologi med oppstart hausten 2019.

## **PS 186/18 Pilotprosjekt Bømlo - styrka samarbeid skule og næringsliv**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tek prosjektplan for pilotprosjektet på Bømlo til orientering.

## **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda**

Fylkesutvalet tek prosjektplan for pilotprosjektet på Bømlo til orientering.

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.06.2018**

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette fram slikt forslag:

Tillegg:

«Fylkesutvalet oppmodar til å sjå særleg på berekraftig utvikling i det vidare arbeidet med prosjektet, og syner her også til det pågåande læreplanarbeidet.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Strømmen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tek prosjektplan for pilotprosjektet på Bømlo til orientering.

Fylkesutvalet oppmodar til å sjå særleg på berekraftig utvikling i det vidare arbeidet med prosjektet, og syner her også til det pågående læreplanarbeidet.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Røysting**

Innstillinga vart samråystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek prosjektplan for pilotprosjektet på Bømlo til orientering.

Fylkesutvalet oppmodar til å sjå særleg på berekraftig utvikling i det vidare arbeidet med prosjektet, og syner her også til det pågående læreplanarbeidet.

## **PS 187/18 Anmodning om uttale St. Paul vgs nytt tilbod innan idrettsfag og påbygg**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om etablering av idrettsfag med 96 elevplassar, påbygg til generell studiekompetanse med 32 elevplassar og utviding med 18 elevplassar ved studiespesialiserande utdanningsprogram.

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.06.2018**

**Rosalind Fosse (FrP)** sette fram slikt forslag på vegner av FrP og H:

«Alternativ:

Fylkesutvalet er positiv til søknaden om etablering av idrettsfag med 96 elevplassar, påbygg til generell studiekompetanse med 32 elevplassar og utviding med 18 elevplassar ved studiespesialiserende utdanningsprogram.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster ( A, R, SP) og fall.

Fosse sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 8 røyster (H, FrP, V, MDG og Krf).

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet er positiv til søknaden om etablering av idrettsfag med 96 elevplassar, påbygg til generell studiekompetanse med 32 elevplassar og utviding med 18 elevplassar ved studiespesialiserande utdanningsprogram.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 12.06.2018**

Saka vert behandla i neste fylkesutvalsmøte 21.06.2018.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

**Roald Kvamme, A**, sette fram slik protokollmerknad på vegner av A, Sp og SV:

«Det vert synt til søknad om auke på 146 elevplassar ved St. Paul vidaregåande skule. I fylkesrådmannen sitt saksframlegg vert det dokumentert at Hordaland har eit svært høgt tal på elevar ved private skular omlag 2200 elevar. Andelen er nær 20% av det totale elevtalet i Bergen og skulane er i hovudsak lokalisert i Bergen sentrum. Dei private skulane har nær 56% av elevane i studieførebuande utdanningsprogram.

Gjeldane skulebruksplan i Hordaland har mellom anna som mål å:

- Auka kvalitet og betre utnytting av knappe økonomiske ressursar
- Ein god desentralisert skulestruktur med ei akseptabel reisetid
- Auka talet på elever som tar yrkesfag og fleire ut i lære
- Redusera overkapasiteten i studieførebuanda programfag i Bergen

Vi vil sterkt åtvara mot ei vidare utvikling der ein samlar privatskular og store elevgrupper sentralt i Bergen og gjev høve til ytterlegare auka i elevtalet utan at dette vert utgreidd på ein tilfredsstillande måte og utan omsyn til gjeldande skulebruksplan og økonomiplan. Ein ny auke i elevplassar ved ein privat skule med hovudvekt på studieførebuande program vil ikkje vera i tråd med dei overordna målsettingane for skulestruktur og studietilbod som er vedtatt i fylkestinget.

Dersom søknaden vert innvilga og plassane vert fylt opp, vil det innebera eit samla kutt i overføringane til Hordaland fylkeskommune på 149,3 millionar kr. Desse millionane kunne vore nytta til å styrkja og vidareutvikla ein god felleskule for elevane i heile fylket.

Vi oppmodar på det sterke utdanningsdirektoratet om å avvisa søknaden frå St. Paul vidaregåande skule.»

## **Røysting**

Innstillinga fekk 8 røyster (H, FrP, V, MDG, KrF) mot 7 røyster (A, SP, SV) og vart vedteke.

## **Vedtak**

Fylkesutvalet er positiv til søknaden om etablering av idrettsfag med 96 elevplassar, påbygg til generell studiekompetanse med 32 elevplassar og utviding med 18 elevplassar ved studiespesialiserande utdanningsprogram.

### **Protokollmerknad frå A, Sp og SV**

Det vert synt til søknad om auke på 146 elevplassar ved St. Paul vidaregåande skule. I fylkesrådmannen sitt saksframlegg vert det dokumentert at Hordaland har eit svært høgt tal på elevar ved private skular omlag 2200 elevar. Andelen er nær 20% av det totale elevtalet i Bergen og skulane er i hovudsak lokalisert i Bergen sentrum. Dei private skulane har nær 56% av elevane i studieførebuande utdanningsprogram.

Gjeldane skulebruksplan i Hordaland har mellom anna som mål å:

- Auka kvalitet og betre utnytting av knappe økonomiske ressursar
- Ein god desentralisert skulestruktur med ei akseptabel reisetid
- Auka talet på elever som tar yrkesfag og fleire ut i lære
- Redusera overkapasiteten i studieførebuanda programfag i Bergen

Vi vil sterkt åtvara mot ei vidare utvikling der ein samlar privatskular og store elevgrupper sentralt i Bergen og gjev høve til ytterlegare auka i elevtalet utan at dette vert utgreidd på ein tilfredsstillande måte og utan omsyn til gjeldande skulebruksplan og økonomiplan. Ein ny auke i elevplassar ved ein privat skule med hovudvekt på

studieførebuande program vil ikkje vera i tråd med dei overordna målsettingane for skulestruktur og studietilbod som er vedtatt i fylkestinget.

Dersom søknaden vert innvilga og plassane vert fylt opp, vil det innebera eit samla kutt i overføringane til Hordaland fylkeskommune på 149,3 millionar kr. Desse millionane kunne vore nytta til å styrkja og vidareutvikla ein god felleskule for elevane i heile fylket.

Vi oppmodar på det sterkeste utdanningsdirektoratet om å avvisa søknaden frå St. Paul vidaregåande skule.

## **PS 188/18 Gjennomgang av arbeidet med kartlegging av minoritetspråklege**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sin plan for å sikre system for kartlegging og oppfølging av elevar med rett til særskilt språkopplæring.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sin plan for å sikre system for kartlegging og oppfølging av elevar med rett til særskilt språkopplæring.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.06.2018**

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slik protokollmerknad:

«Det tas hensyn til arbeidsmengde for lærerne involvert. Det må settes av midler og tid for å få nytte av verktøyet.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sin plan for å sikre system for kartlegging og oppfølging av elevar med rett til særskilt språkopplæring.

### **Protokollmerknad frå R**

Det tas hensyn til arbeidsmengde for lærerne involvert. Det må sette av midler og tid for å få nytte av verktøyet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sin plan for å sikre system for kartlegging og oppfølging av elevar med rett til særskilt språkopplæring.

## **PS 189/18 Evaluering selskapsvognløyver**

### **Forslag til innstilling**

1. Det totale talet på selskapsvognløyver vert redusert frå 50 til 45.

2. Ledige selskapsvognløyer vert lyst ut og tildelt etter ein søknadsprosess der ein vektlegger eksklusivitet og selskapsvognprofil.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Det totale talet på selskapsvognløyve vert redusert frå 50 til 45.
2. Ledige selskapsvognløyve vert lyst ut og tildelt etter ein søknadsprosess der ein legg vekt på eksklusivitet og selskapsvognprofil.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Det totale talet på selskapsvognløyve vert redusert frå 50 til 45.
2. Ledige selskapsvognløyve vert lyst ut og tildelt etter ein søknadsprosess der ein legg vekt på eksklusivitet og selskapsvognprofil.

## **PS 190/18 Byvekstavtale - mandat for forhandlingar**

#### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesordførar representerer fylkeskommunen i styringsgruppa for den nye bymiljøavtalen.
- 2.. Fylkeskommunen sitt forhandlingsutval består av fylkesordførar, opposisjonsleiar og leiar for Miljø- og samferdselsutvalet
2. Fylkeskommunen skal i forhandlingane ta utgangspunkt i regionale planar og strategiske dokument knytt til kollektivtrafikken, samt sikre vidare utbygging av Bybanen og andre kollektivtiltak. Fylkeskommunen må vurdere sitt finansielle bidrag inn i avtalen opp mot avtalen sitt samla bidrag til naudsynt investering og drift i Bergensområdet.
3. Bymiljøavtalen leggjast fram for fylkestinget og eventuelt Fellesnemnda til godkjenning.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

Silja Ekeland Bjørkly, H, gjorde framlegg om å velje vara til medlemene i fylkeskommunen sitt forhandlingsutval. Anne Gine Hestetun, A, gjorde framlegg om slike vara:

Medlem	Vara
Fylkesordførar	Fylkesvaraordførar
Opposisjonsleiar	Mona Røsvik Strømme
Leiar utval for miljø og samferdsel	Nestleiar utval for miljø og samferdsel

Fylkesutvalet slutta seg til dette.

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 2 og 4 vart samrøystes vedteke.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

#### **Vedtak**

1. Fylkesordførar representerer fylkeskommunen i styringsgruppa for den nye bymiljøavtalen.

2. Fylkeskommunen sitt forhandlingsutval består av fylkesordførar, opposisjonsleiar og leiar for utval for miljø og samferdsel, med slike vara:

Medlem	Vara
Fylkesordførar	Fylkesvaraordførar
Opposisjonsleiar	Mona Røsvik Strømme
Leiar utval for miljø og samferdsel	Nestleiar utval for miljø og samferdsel

3. Fylkeskommunen skal i forhandlingane ta utgangspunkt i regionale planar og strategiske dokument knytt til kollektivtrafikken, samt sikre vidare utbygging av Bybanen og andre kollektivtiltak.  
Fylkeskommunen må vurdere sitt finansielle bidrag inn i avtalen opp mot avtalen sitt samla bidrag til naudsynt investering og drift i Bergensområdet.
3. Bymiljøavtalen leggjast fram for fylkestinget og eventuelt fellesnemnda til godkjenning.

## **PS 191/18 Opningstider på venterommet ved Åsane terminal**

### **Innstilling frå utval for miljø og samferdsel**

Venterommet ved Åsane terminal skal haldast ope så lenge det går bussar i rute til og frå terminalen.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

#### **Røysting**

Fylkesutvalet la innstillinga frå utval for miljø og samferdsel til grunn.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Venterommet ved Åsane terminal skal haldast ope så lenge det går bussar i rute til og frå terminalen.

## **PS 192/18 Styrking av rutetilbodet Nordhordland**

### **Forslag til innstilling**

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til tiltak i samband med oppstart av nytt bussanbod Nordhordland og styrking av busstilbodet mellom Nordhordland og Bergen.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til matebuss til hurtigbåten, redusert innstilling om sommaren, romjul og påske.»

Ryssdal trekte forslaget sitt.

**Jon Askeland (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Endre det 5. siste ordet: «busstilbodet» vert erstatta med «kollektivtilbodet»»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til tiltak i samband med oppstart av nytt bussanbod Nordhordland og styrking av kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

**Nils Marton Aadland (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til matebuss til hurtigbåten, redusert innstilling om sommaren, romjul og påske.»

### **Røysting**

Aadland sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til tiltak i samband med oppstart av nytt bussanbod Nordhordland og styrking av kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen.

## **PS 193/18 Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering.  
Fylkesrådmannen vert å komme attende med ny sak med anbefalte løysingar.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering.  
Fylkesrådmannen vert å komme attende med ny sak med anbefalte løysingar.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering.  
Fylkesrådmannen vert å komme attende med ny sak med anbefalte løysingar.

## **PS 194/18 Utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.
2. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av tunnelane. Det er eit stort behov for å vidareføre det statlege bidraget etter 2019 fram til oppgradringane er gjennomført, samt auke dei statlege overføringerar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene Tunnelsikkerhetsforskriften fører med seg.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

**Synnøve Solbakken (A)** sette på vegner av A, Sp og SV fram slikt forslag:

Alternativ til punkt 2:

Fylkesutvalet ser dei store utfordringane med å finansiere oppgradering av tunnelane.  
Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.»

### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Solbakken sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 8 røyster mot 6 røyster (H, Frp, MDG) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunellsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.
2. Fylkesutvalet ser dei store utfordringane med å finansiere oppgradering av tunnelane. Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta og må ta ansvar for finansieringa fullt ut

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

**Nils Marton Aadland, H**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunellsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.
2. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av tunnelane. Det er eit stort behov for å vidareføre det statlege bidraget etter 2019 fram til oppgradringane er gjennomført, samt auke dei statlege overføringerar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene Tunellsikkerhetsforskriften fører med seg.»

Aadland trekte sitt forslag.

**Pål Kårbø, KrF**, sette fram slikt forslag på vegner av KrF, A, Sp, SV, MDG, V, Frp og H:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunellsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.
2. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av tunnelane. Det er eit stort behov for å vidareføre det statlege bidraget etter 2019 fram til oppgradringane er gjennomført, samt auke dei statlege overføringerar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene Tunellsikkerhetsforskriften fører med seg.
3. Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta, og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.»

### **Røysting**

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunellsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.

2. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av tunnelane. Det er eit stort behov for å vidareføre det statlege bidraget etter 2019 fram til oppgradringane er gjennomført, samt auke dei statlege overføringer slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene Tunnelsikkerhetsforskriften fører med seg.
3. Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta, og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.»

## **PS 195/18 Midlar til prosjektleiing Travel like the locals**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune går inn i prosjektet Travel like the locals saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, med det føremål å få på plass tilbodet til turistsesongen 2019.
2. Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til arbeidet frå HNH

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

**Einar Horvei (SV)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Turistane går på tvers av fylkesgrensene, og arbeidet må legga til rette for at ein på sikt kan få eit tilbod på tvers av fylkesgrensene.»

### **Røysting**

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Horvei sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune går inn i prosjektet Travel like the locals saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, med det føremål å få på plass tilbodet til turistsesongen 2019.
2. Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til arbeidet frå HNH.
3. Turistane går på tvers av fylkesgrensene, og arbeidet må legga til rette for at ein på sikt kan få eit tilbod på tvers av fylkesgrensene.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune går inn i prosjektet Travel like the locals saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, med det føremål å få på plass tilbodet til turistsesongen 2019.
2. Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til arbeidet frå HNH.
3. Turistane går på tvers av fylkesgrensene, og arbeidet må legga til rette for at ein på sikt kan få eit tilbod på tvers av fylkesgrensene.

## **PS 196/18 Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland**

### **Forslag til vedtak**

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikke er kommersielt lønsame å bygge ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Kvinnherad kommune – 3.800.000 kroner
2. Os kommune – 400.000 kroner
3. Meland kommune – 4.125.675 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Lindås kommune – 7.500.000 kroner

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikke er kommersielt lønsame å bygge ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Kvinnherad kommune – 3.800.000 kroner
2. Os kommune – 400.000 kroner
3. Meland kommune – 4.125.675 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Lindås kommune – 7.500.000 kroner

### **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.06.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikke er kommersielt lønsame å bygge ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Kvinnherad kommune – 3.800.000 kroner
2. Os kommune – 400.000 kroner
3. Meland kommune – 4.125.675 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Lindås kommune – 7.500.000 kroner

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

### **Røysting**

Innstillinga vart samråystes vedteken.

### **Vedtak**

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikke er kommersielt lønsame å byggje ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Kvinnherad kommune – 3.800.000 kroner
2. Os kommune – 400.000 kroner
3. Meland kommune – 4.125.675 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Lindås kommune – 7.500.000 kroner

## **PS 197/18 Søknad fra Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Bergen-Haukeli-Oslo**

### **Forslag til innstilling**

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta §3 1. ledd, jfr yrkestransportlova §§11 og 15 godkjenner fylkesutvalet søknad fra Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum-Åsane-Kvamskogen-Jondal-Odda-Seljestad-Telemark-Buskerud-Akershus-Oslo på vilkår som er spesifisert i pkt 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nytta i drifta av løyva, skal oppfylle same krav som krava til bussklasse II og III i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta §3 1. ledd, jfr. yrkestransportlova §§11 og 15 godkjenner fylkesutvalet søknad fra Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum-Åsane-Kvamskogen-Jondal-Odda-Seljestad-Telemark-Buskerud-Akershus-Oslo på vilkår som er spesifisert i pkt. 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nytta i drifta av løyva, skal oppfylle same krav som krava til bussklasse II og III i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

## Røysting

Innstillinga vart samråystes vedteken.

## Vedtak

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta §3 1. ledd, jfr. yrkestransportlova §§11 og 15 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum-Åsane-Kvamskogen-Jondal-Odda-Seljestad-Telemark-Buskerud-Akershus-Oslo på vilkår som er spesifisert i pkt. 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nytta i drifta av løyva, skal oppfylle same krav som krava til bussklasse II og III i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar.

## PS 198/18 Frå sams og samling - Om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane - Høyringsfråsegn

### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ber om at Stortinget sitt oppmodningsvedtak i juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017) blir følgd opp. Alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald skal overførast. Alle oppgåver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgåver, med unntak av drift, vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2020. Drift vert overført gradvis etter kvart som nye kontraktar vert lyste ut.
2. Overføring av oppgåvene til fylkesvegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunnsaktør og utviklingsaktør ved å sjá verkemiddel og oppgåver i samanheng med kvarandre. I tillegg vil det regionale folkevalde nivået kunne ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
4. Hordaland fylkeskommune deler ikkje vegdirektøren sine vurderingar i høve drifts- og vedlikehaldskontraktane. Fylkeskommunane må involverast i det vidare arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 01.01.2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nytt konkurransegrennlag etter kvart som gjeldande driftskontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen
5. Hordaland fylkeskommune deler vurderinga av at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.
6. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
7. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemどoverdraging i arbeidsmiljølova. Det er forventa at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i ei eventuell vurdering om ei mogleg overføringslov for overgang av tilsette. Ein eventuell overføringslov må tilfredsstille to behov:
  - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
  - b. Sikre at overtalige arbeidstakarar frå Statens vegvesen får arbeid.Lova bør ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.
8. Hordaland fylkeskommune ser det som særstilt at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningar av

dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnadene og omstillingskostnadene. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.

9. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at det vert eit samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane knytt til det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ber om at Stortinget sitt oppmodingsvedtak i juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017) blir følgd opp. Alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald skal overførast. Alle oppgåver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgåver, med unntak av drift, vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2020. Drift vert overført gradvis etter kvart som nye kontraktar vert lyste ut.
2. Overføring av oppgåvene til fylkesvegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunnsaktør og utviklingsaktør ved å sjá verkemiddel og oppgåver i samanheng med kvarandre. I tillegg vil det regionale folkevalde nivået kunne ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
4. Hordaland fylkeskommune deler ikkje vegdirektøren sine vurderingar i høve drifts- og vedlikehaldskontraktane. Fylkeskommunane må involverast i det vidare arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 01.01.2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nytt konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande driftskontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen
5. Hordaland fylkeskommune deler vurderinga av at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.
6. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
7. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemsoverdraging i arbeidsmiljølova. Det er forventa at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i ei eventuell vurdering om ei mogleg overføringslov for overgang av tilsette. Ein eventuell overføringslov må tilfredsstille to behov:
  - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
  - b. Sikre at overtalige arbeidstakalar frå Statens vegvesen får arbeid.Lova bør ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakalar med anna kompetanse enn det er behov for.
8. Hordaland fylkeskommune ser det som særskilt viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningars av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnadene og omstillingskostnadene. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.
9. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at det vert eit samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane knytt til det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene.

## PS 199/18 Møteplan for Hordaland fylkeskommune 2019

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse, utvalet for miljø og samferdsel og administrasjonsutvalet slik det går fram av side 5 i denne saka.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018**

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse, utvalet for miljø og samferdsel og administrasjonsutvalet slik det går fram av side 5 i denne saka.